NOREGS UNGDOMSLAG

# ÅRSMELDING OG REKNESKAP 2019

*Levande lokalkultur*



**12.–13. januar**
*Instruktørkurs revy UL Fram (Tennevoll)*

**2.–3. februar**
*Styremøte*

**2.–3. februar**
*Gjesteinstruktørkurs dans (Lakselv)*

**8.–10. februar**
*Fordjuping i folkeleg pardans (Oslo)*

**18.–23. februar**
*1. tevlingsveke Kven veit?*

**8.–10. mars**
*Instruktørkurs, Suldalsspringar (Stavanger)*

**11. – 17. mars**
*2. tevlingsveke Kven veit? (Stavanger)*

**15.–17. mars**
*Fordjuping i folkeleg pardans (Oslo)*

**16. – 17. mars**
*Styremøte*

**16.–17. mars**
*Gjesteinstruktør barne- og ungdomsteater Skare UL (Skare)*

**1.–7. april**
*3. tevlingsveke Kven veit?*

**18.–22. april**
*Nordring (Nærsnes)*

**26.–28. april**
*Landsmøtehelg (Oslo) med bl.a.*
*Torbjørn Bergwitz Lauen valt til ny leiar*
*Egil Bakka utnemnd til heidersmedlem*
*Teaterlaget i BUL Oslo kåra til vinnar av Kven veit?*
*Bunadseminar: Bunaden sitt justisvesen*
*Instruktørkurs*

**15.–16. juni**
*Styremøte*

**21.–23. juni**
*Småleik (Oslo)*

**25.–27. juni**
*Gjesteinstruktør barne- og ungdomsteater Sandeid*

**2.–7. juli**
*Sommarleiren (Skogn fhs.)*

**17.–21. juli**
*ÅLEK (Åland)*

**12.–16. august**
*Arendalsveka (Arendal)*

**25.–26. august**
*Fagdagane i bunad og folkedrakt (Oslo)*

**13.–15. september**
*Styreseminar*

**5.–6. oktober**
*Styremøte*

**19.–20. oktober**
*Landsrådsmøte (Oslo)*

**21. oktober**
*Høyring på Stortinget barne- og kulturkomiteen (Oslo)*

**25.–27. oktober**
*Gjesteinstruktør Bingsjøpolska Bodø folkedanslag (Bodø)*

**26.–27. oktober**
*Grunnleggande instruktørkurs (Lakselv)*

**23.–24. november**
*Gjesteinstruktør fekting Bagabu UL (Steinkjer)*

**30. november–1. desember**
*Grunnleggande instruktørkurs (Bergen)*

**30. november–1. desember**
*Styremøte*


**ÅRSMELDING 2019**

Noregs Ungdomslag vart skipa i 1896 og er ein kulturorganisasjon med over 13 000 medlemmar i 350 lag over heile landet. Noregs Ungdomslag skal gjennom folkelege kulturaktivitetar skape engasjement og levande lokalmiljø.

**FRAMSIDEFOTO:**
Foto frå Småleik, Ingvil Skeie Ljones. Om ikkje anna er oppgitt, er foto teke av tilsette på NU-kontoret.



**KONTAKTINFORMASJON:**
Telefon: 24 14 11 10
E-post: post@ungdomslag.no
Adresse: Øvre Slottsgate 2B, 0157 Oslo

**PÅ VERDENSVEVEN:**
www.ungdomslag.no
www.facebook.com/noregsungdomslag
www.instagram.com/ungdomslag
#levandelokalkultur



**DESIGN:**
Janne Kolås og Mats Bergmo Bjørnsletten
Krible design

**TRYKK:**
Dale-Gudbrands Trykkeri

MILJØMERKET TRYKKERI


# INNHALD


| | | |
|---|---|---|
| | **Føreord frå styret** | **2** |
| **1** | **Arbeid i perioden** | **3** |
| **2** | **Organisasjonsstrukturen** | **6** |
| | Medlemmane | 7 |
| | Lokallaga | 8 |
| | Fylkeslaga | 9 |
| **3** | **Ungdomshus og lagsbruk** | **12** |
| | NU Kulturformidling | 13 |
| | Dokumentasjon av lagsbruka | 13 |
| | Huset i Bygda | 13 |
| **4** | **Opplæringsarbeidet** | **14** |
| | Verktøy for laga sitt opplæringsarbeid | 14 |
| | Nasjonal instruktøropplæring | 15 |
| | Andre nasjonale opplæringstiltak | 16 |
| | Opplæringstiltak i samarbeid med andre organisasjonar | 16 |
| | Tilskot til opplæring | 17 |
| **5** | **Møtestader** | **18** |
| | Sommarleiren | 19 |
| | Nordlek | 19 |
| | Kven Veit? og Junior Kven Veit? | 19 |
| **6** | **Informasjonsarbeid og interessepolitikk** | **20** |
| | Informasjonsarbeid | 20 |
| | Interessepolitikk | 20 |
| **7** | **Styringsstrukturen** | **22** |
| | Landsmøtet | 23 |
| | Landsrådet | 24 |
| | Heidersmedlemmar | 24 |
| | Styret | 24 |
| | Valnemnd | 25 |
| | Utval nedsett av styret | 25 |
| **8** | **Administrasjonen** | **26** |
| | Generalsekretæren | 27 |
| | Andre tilsette | 27 |
| | Anna arbeidsgjevaransvar | 27 |
| | Drift av kontoret | 27 |
| **9** | **NU, andre organisasjonar og fond** | **28** |
| | Medlemsorganisasjonar | 28 |
| | Andre nærskylde organisasjonar | 28 |
| | Fonda | 28 |
| | Andre samarbeid | 28 |
| **10** | **Samarbeid med andre organisasjonar** | **30** |
| | Faste representasjonar/oppnemningar | 31 |
| | Eksterne møte/representasjon | 31 |
| **11** | **Tilskot og økonomi** | **32** |
| | Driftstilskot | 32 |
| | Prosjekttilskot | 32 |
| | Tilskot til laga utbetalt av sentralleddet | 32 |
| **12** | **Rekneskap** | **35** |

# FØREORD FRÅ STYRET

Framover. Det er vegen NU-pila skal peike.

I lokallaga og ungdomshusa våre rundt om i heile landet skjer det mykje bra og spanande aktivitet. Kvar einaste veke får tusenvis av nordmenn oppleve glede, samhald og framgang i regi av eit ungdomslag. Unge som gamle, stutte som lange. Det skjer rett mykje bra arbeid ute i laga, og det skal vi vere stolte av.

Det er moro å vere i NU når vi støtt får meldingar om alt som skjer i laga våre der ute. Alt frå friidrettsstemner, leikfestar og revyar til isfisketevlingar, yogatimer og dugnad på ungdomshuset. Det skjer så mykje at det nærast kjenst paradoksalt at medlemstalet og studietimane minkar. For ein organisasjon som er vand med 80 år gamle ungdomar er ikkje paradoks noko nytt eller spanande for den saks skuld, men det er vanskeleg å ignorere. Det er noko som ikkje stemmer heilt.

I året som har gått har vi i styret diskutert framtida til NU ein god del. Kva skal vi gjere? Kvifor ser det ut som NU-pila peiker bakover når den eigentleg peiker framover? Korleis får vi snudd pila? For det er det som er styret si viktigaste oppgåve. Å sjå til at pila framleis held kursen framover. Framover mot ei høgare og rikare framtid.



*NU-styret (f.v.) Kevin André Kuntze Theigmann, Marit Nerås Krogsæter, Mona Husby, Torbjørn Bergwitz Lauen (leiar), Terje Svindseth og Tone Mjelde. Bilde vart teke på styremøtet i januar 2020, og Nina Byttingsmyr, Anette Figenschou, Maria Austbø og Geir Såtvedt var ikkje til stades.*

# ARBEID I PERIODEN

Landsmøtet i 2018 vedtok ein langtidsplan for perioden 2019-2022 med sju overordna strategiar, og ein nærare omtale av utfordringane knytt til desse strategiane. I tillegg har landsmøtet vedteke arbeidsplanar med mål for perioden 2019-2020 og 2021-2022.

## Langtidsplanstrategi 1: **Styrke medlemmene sin tilgang på møteplassar og opplæringsarenaer.**

Det lokale ungdomslagsarbeidet er grunnsteinen for alt arbeid i Noregs Ungdomslag. Vi er avhengig av at alle medlemmer har god tilgang både på møteplassar og arenaer for læring og utvikling, for at ungdomslaget skal vere noko som held på medlemmer over lengre tid.

| MÅL I ARBEIDSPROGRAMMET 2019–2020 | GJENNOMFØRTE TILTAK 2019 |
|---|---|
| Noregs Ungdomslag skal legge til rette for at medlemmer i ungdomslaget skal få utvikle seg både sosialt og fagleg, uavhengig av kvar i landet ein bur. | Kunnskapstevlinga Kven veit? vart gjennomført i 2019 med tema Norden. Det deltok 73 tevlande lag i seniorklassa og 5 tevlande lag i juniorklassa. |
| Sommarleiren skal vere etablert som den viktigaste sosiale og faglege møteplassen for ungdomar i organisasjonen. | Sommarleiren 2019 vart halde på Skogn Folkehøgskule i Trøndelag 2.-7. juli. For fyrste gong saman med Norsk Målungdom. Leiren hadde ei auke i tal deltakarar med totalt 77 deltakarar (50 i 2018). |
| NU-helga i april skal vere etablert som ein fagleg møteplass og sosial arena for medlemmene i organisasjonen. | NU-helga vart gjennomført med landsmøte, instruktørkurs i dans, kortkurs, seminar om bunad og dansefest. |
| Noregs Ungdomslag skal bidra til å auke arrangørkompetansen for regionale barnestemne. | 21.-23. juni vart Småleik skipa til i Oslo. NU gjekk inn som medarrangør for å auke arrangørkompetansen i organisasjonen. Det blir laga ei handbok bygd på erfaringar frå Småleik og andre barnestemne. |

## Langtidsplanstrategi 2: **Styrke instruktørane og leiarane sin kompetanse for å drive og skape meir aktivitet.**

Dei lokale eldsjelene er viktig for å drive og utvikle aktiviteten i lokallaga. Det er viktig at Noregs Ungdomslag legg til rette for at eldsjelene får auka kompetansen sin, for at aktiviteten også kan auke. Berre på denne måten kan ein legge til rette for at nytt engasjement veks fram, slik at ein også har eldsjeler i framtida.

| MÅL I ARBEIDSPROGRAMMET 2019–2020 | GJENNOMFØRTE TILTAK 2019 |
|---|---|
| Alle medlemmer skal ha tilgang på leiar- og instruktøropplæring, uavhengig av kvar ein bur i landet. | Fem instruktørkurs, fire i dans og eit i teater. Fem lag hadde gjesteinstruktør, tre i teater og to i dans. |
| Instruktøropplæringa innanfor folkedans og teater skal vere eit kjent tilbod i alle lag. | Det har blitt gitt informasjon om instruktøropplæringa jamnt gjennom året til laga via NU sine informasjonskanalar. |
| Gjennom ei ny og systematisert organisasjonsopplæring vil NU sørge for å auke den lokale organisasjonskompetansen. | Styret i NU valde å vidareføre programmet Ungt leiarskap i 2019. Ti deltakarar i alderen 17-26 år deltok på programmet som hadde to samlingar Deltakarane kom frå åtte lokallag fordelt på sju fylkeslag. |

## Langtidsplanstrategi 3:
**Styrke laget og ungdomshuset som ein arena for lokal kulturaktivitet.**

Lokallaga og ungdomshusa skal også i framtida vere viktige arenaer for den lokale kulturaktiviteten. Noregs Ungdomslag vil arbeide for at laget og huset kan drivast på ein effektiv måte, slik at mest mogleg av laget sine ressursar kan gå til å auke aktiviteten.

| MÅL I ARBEIDSPROGRAMMET 2019–2020 | GJENNOMFØRTE TILTAK 2019 |
|---|---|
| Gjennom prosjektet NU kulturformidling skal arrangørkompetansen i ungdomslaga vere auka, slik at ungdomshusa i større grad kan brukast til å formidle kultur lokalt. | I 2019 måtte prosjektet og framdriftsplan reviderast etter ein periode med lite progresjon. Ut prosjektperioden vil derfor fokuset bli retta i større grad mot enkeltlag framføre den tidlegare målsettinga om å etablere turnéruter. Prosjektet er planlagt fullført innan 1. april 2021. |
| Også dei ungdomslaga som ikkje eig sine eigne lokale skal vere ein synleg arena for den lokale kulturaktiviteten. | NU og Kulturalliansen starta i 2019 eit kartleggingsarbeid for alle kulturlokale i Noreg. |
| NU skal vere ein attraktiv organisasjon for lokallag som arbeider for ein levande lokalkultur, slik at ein kan rekruttere endå fleire medlemslag. | Det har vore jobba med å sjå på nye medlemsfordelar til lag i 2019. Det har òg vore lagt ned arbeid i årsrapporteringa til medlemslaga slik at NU kan få eit betre oversyn over aktiviteten til laga. |

## Langtidsplanstrategi 4:
**Styrke folkedansen, folkemusikken, bunaden og amatørteatret som folkelege kulturuttrykk.**

Vi har ei viktig oppgåve i å formidle og utvikle den immaterielle kulturarven som lever i den lokale aktiviteten. Tradisjonane spesielt innanfor folkedans og amatørteaterarbeid er lange i ungdomslaga, og det må vere ei nasjonal bevisstheit rundt forvaltninga av denne kulturarven.

| MÅL I ARBEIDSPROGRAMMET 2019–2020 | GJENNOMFØRTE TILTAK 2019 |
|---|---|
| I NU skal heilskapen i den norske folkedanstradisjonen vere synleg, ved at ungdomslaga tilbyr aktivitetar og opplæring innanfor alle danseformer, og for alle aldersgrupper. | NU deltek aktivt i interesseorganisasjonane vi er medlem av, og har styrerepresentasjon i fleire av desse. Medlemslag har tilgang til kurs og studiemateriell. |
| Folkepedia skal vere etablert som ein ressursbank for opplæring i folkedans, for både røynde og urøynde dansarar. | I 2019 har det vore éi innspeling med Folkepedia i Oslo. Denne innspelinga var også del av eit forprosjekt til barnestemnet Småleik. |
| NU skal vere ein amatørteaterorganisasjon, som har rom for alle typar teateraktivitet, og for alle aldersgrupper. Det skal vere utvikla nye ressursar for å ta i bruk amatørteatret som ein særleg viktig arena for sosial inkludering. | Det vart i 2019 satt ned eit teaterutval av styret som skulle sjå på teaterarbeidet i NU. Samarbeidet med andre teaterorganisasjonar held fram. |
| Styrke bunad og folkedraktarbeidet for å sikre kunnskap om, og ivaretaking av handverkstradisjonane i organisasjonen. | Eit bunadsseminar vart halde i samband med NU-helga. Det vart lagt ned mykje ressursar i nominasjonsarbeidet av bunadbruk i Noreg til UNESCO si representative liste over immateriell kulturarv. |

## Langtidsplanstrategi 5:
**Styrke dei tillitsvalte sin kompetanse og interesse for å drive og utvikle laget.**

Mange ungdomslag har lita utskifting av tillitsvalte, fordi medlemmene ofte er meir oppteken av å vere med på aktiviteten i laget, enn å drive sjølve laget. NU har eit særleg ansvar for å løfte fram den viktige rolla dei tilitsvalte i både lokallag og fylkeslag har, for å drive både laget og organisasjonen vidare.

| MÅL I ARBEIDSPROGRAMMET 2019–2020 | GJENNOMFØRTE TILTAK 2019 |
|---|---|
| Fleire unge medlemmer skal både ta og bli gitt leiaransvar for aktivitet og lagsdrift. | Ungt leiarskap vart gjennomført med ti deltakarar i alderen 17–26 år. Deltakarane kom frå åtte lokallag fordelt på sju fylkeslag. |

## Langtidsplanstrategi 6:
**Styrke organisasjonen regionalt, for å sikre alle lokallaga lik tilgang på ressursar.**

Fylkeslaga i Noregs Ungdomslag har ikkje lengre den same plassen i organisasjonsstrukturen som før. Dette heng saman med at det ikkje er alle lokallag som er knytt til noko fylkeslag, sidan fleire har lagt ned drifta dei seinare åra. Dette gjer det utfordrande å nå fram til alle lokallaga med det same tilbodet.

| MÅL I ARBEIDSPROGRAMMET 2019–2020 | GJENNOMFØRTE TILTAK 2019 |
|---|---|
| NU må i samarbeid med fylkeslaga følgje opp regionreforma, for å vurdere nye former for samarbeid mellom lokallaga, innanfor dei nye regionsgrensene. | Dette var eit av temaene som vart diskutert på Landsrådsmøte 2019. 13 fylkeslag deltok. |
| Fylkeslag som ikkje lengre fungerer som eit mellomledd bør vere avvikla. | Hålogaland Ungdomslag vart lagt ned i 2019 og laga som høyrde til fylkeslaget vedtok å bli ein del av Nordland Ungdomsfylking. |

## Langtidsplanstrategi 7:
**Fremje lokallaga sine interesser i den nasjonale kultur- og frivilligheitspolitikken.**

For at den lokale ungdomslagsaktiviteten skal ha gode rammevilkår, må behova deira synleggjerast i den nasjonale kultur- og frivilligheitspolitikken. NU må difor ta ei sentral rolle innanfor dei ulike paraplyorganisasjonane som arbeider interessepolitisk, og overfor nasjonale politikarar.

| MÅL I ARBEIDSPROGRAMMET 2019–2020 | GJENNOMFØRTE TILTAK 2019 |
|---|---|
| NU skal stadfeste sin posisjon som interessepolitisk aktør i samarbeidsorgan og overfor styresmaktene, for å fremje ungdomslaga sin posisjon i det lokale kulturlivet. | NU deltek aktivt i interesseorganisasjonane vi er medlemmer i, og har styrerepresentasjon i mange av desse. Vi har også delteke på ulike møter i regi av Kulturrådet og Kulturdepartementet, på budsjetthøyringar på Stortinget, deltok på Arendalsuka, og på møter med politikarar på Stortinget. |
| Dei folkelege kulturtradisjonane som ungdomslaga er bygd på, skal vere ein sjølvsagt del av den nasjonale kulturpolitikken. | NU er representert i styret i Studieforbundet kultur og tradisjon. |
| NU skal ta eit særleg ansvar for å fremje ungdomshusa og andre organisasjonseigde kulturbygg sin posisjon i kulturpolitikken, og arbeide for at desse skal ha gode rammevilkår. | NU er aktiv i Frivillighet Norge sine fora når det gjeld momskompensasjon for organisasjonseigde hus. Generalsekretæren sit i styret til Kulturalliansen som òg jobbar for å betre vilkåra for øvingslokaler og organisasjonseigde kulturbygg. |



OLABILLØP I MJELDALEN UL
FOTO: MJELDALEN UL



# ORGANISASJONS-STRUKTUREN

Noregs Ungdomslag er ein grasrotorganisasjon, og lokallaga sine behov skal vere utgangspunktet for alt arbeid og alle satsingar i sentralleddet.

## Medlemmane

Dokumentasjon av medlemstal og aktivitet i lokallaga er eit særs viktig arbeid for sentralleddet, og det blir brukt mykje ressursar på dette dokumentasjonsarbeidet. Tala dannar grunnlaget for tilskot til drift, kurs og andre tiltak initiert av sentralleddet som vi får til barne- og ungdomsarbeid frå Barne- og Likestillingsdepartementet. Tal medlemslag og medlemer avgjer også kor mykje NU får til fordeling av Frifondmidlar.

Det er årsrapportane frå laga som dokumenterer medlemstalet i organisasjonen. Krav om å levere årsrapport blir sendt laga på nyåret, men svært mange lag sender inn først når dei har motteke purringar og oppfølging frå NU-kontoret. Arbeidet med å krevje inn og purre på årsrapporten skjer heilt fram til NU sender søknad om statstilskot 15. september.

Talet støttegjevande medlemmer samsvarar med talet medlemmer som er under 26 år, og som har betalt minimum 50 kroner i kontingent. Desse medlemmene genererer driftstilskot til barne- og ungdomsarbeidet i organisasjonen, og Frifondmidlar til fordeling i laga.

Det var totalt 11 874 som var registrert som betalande medlemmer i Noregs Ungdomslag i 2019, per 24. februar 2020.

Sidan medlemstalet for 2019 først vert stadfesta i september, når den absolutte fristen for å levere årsrapport går ut, kan ikkje talet samanliknast med fjorårets medlemstal enno.

***Utvikling samla medlemstal dei siste fem åra:***

| | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019* |
|---|---|---|---|---|---|
| **Totalt medlemstal** | 13 589 | 13 239 | 13 990 | 14 499 | 11 874 |
| Av dette støttegjevande medlemmar | 5 081 | 4 984 | 5 223 | 4 969 | 4 443 |

**Medlemstala er henta frå medlemslister i månadsskifte februar-mars. Det endelege medlemstalet er kvart år større enn kva som kjem fram her for det blir først stadfesta gjennom levering av årsrapport i september.*

### *Tal lag og medlemmar fordelt etter fylkeslag*

| | TAL LOKALLAG | | TAL MEDLEMMAR | | |
|---|---|---|---|---|---|
| *Fylkeslag* | *Inaktive* | *Aktive* | *0–25* | *26–95* | *Totalt* |
| Aust-Agder Ungdomslag | 1 | 12 | 287 | 422 | 709 |
| Bygdelagssamskipnaden | 1 | 15 | 488 | 788 | 1 276 |
| Eidsiva Fylkeslag | 0 | 3 | 25 | 118 | 143 |
| Finnmark Ungdomslag | 0 | 2 | 5 | 17 | 22 |
| Fylkeslaget Varden | 0 | 7 | 5 | 84 | 89 |
| Hordaland Ungdomslag | 9 | 42 | 809 | 1162 | 1971 |
| Hålogaland Ungdomslag | 0 | 10 | 68 | 232 | 300 |
| Inntrøndelag Ungdomssamlag | 8 | 17 | 207 | 173 | 380 |
| Naumdøla Ungdomslag | 3 | 13 | 169 | 175 | 344 |
| Nordland Ungdomsfylking | 1 | 8 | 105 | 266 | 371 |
| Nordmøre og Romsdal Ungdomslag | 3 | 25 | 433 | 580 | 1013 |
| Oppland Ungdomslag | 3 | 9 | 91 | 154 | 245 |
| Rogaland Ungdomslag | 2 | 12 | 107 | 392 | 499 |
| Sogn og Fjordane Ungdomslag | 4 | 38 | 433 | 621 | 1054 |
| Sunnmøre Frilynde Ungdomssamlag | 5 | 27 | 454 | 448 | 902 |
| Sør-Trøndelag Ungdomslag | 1 | 10 | 198 | 209 | 407 |
| Telemark Ungdomslag | 3 | 12 | 108 | 212 | 320 |
| Troms Ungdomsfylking | 4 | 16 | 169 | 400 | 569 |
| Vest-Agder Ungdomslag | 1 | 22 | 296 | 703 | 999 |
| Østerdal Ungdomslag | 3 | 2 | 55 | 78 | 133 |
| Direkteinnmeldte lag | 8 | 25 | 181 | 618 | 799 |
| Direktemedlemmar | - | - | 3 | 8 | 11 |
| Husmedlemslag | | 1 | | | |
| **Totalt** | **52** | **328** | **4 696** | **7 860** | **12 556** |

## Lokallaga

Ved utgangen av 2019 var det 328 registrerte aktive lag i organisasjonen, 1 av desse er innmeldt som husmedlemslag. I tillegg er det registrert 52 lag med status inaktiv.

Aktiviteten og tilboda er ulike frå lag til lag. Folkedans, teater, diskotek og barne- og ungdomsklubb er dei største aktivitetane i laga. 180 av laga har eige hus og 65 av laga har part i eit hus. Medlemmene legg kvart år ned fleire hundre årsverk i dugnadsarbeid.

> *Folkedans, teater, diskotek og barne- og ungdomsklubb er dei største aktivitetane i laga.*

Markane Ungdomslag i Sogn og Fjordane gjorde 2. gongs vedtak om utmelding i 2019.

Vi fikk 1 nytt lag, Ungdomslaget Slidringen i Oppland som vart innmeldt som husmedlemslag.

## Besøk

I 2019 har det ikkje vore noko organisert besøk i lokal-og fylkeslag.

## Fylkeslaga

Ved utgangen av 2019 var det 19 fylkeslag tilknytt Noregs Ungdomslag. Hålogaland Ungdomslag var lagt ned i 2019 og laga som høyrde til fylkeslaget vedtok å bli ein del av Nordland Ungdomsfylking. I fire av fylkeslaga har det ikkje vore aktivitet. Styret si vurdering er at fleire av laga i praksis ikkje eksisterer, men det er medlemslaga i kvart enkelt fylkeslag som i praksis må ta initiativ til å eventuelt legge ned fylkeslaget.

NU sitt årsmøte vedtok i 2009 eit sett minimumsoppgåver for fylkeslaga, for å definere deira rolle i organisasjonen:

- *Gjennomføre eige årsmøte.*
- *Delta på NU sitt landsmøte og landsrådsmøte.*
- *Sende årsrapport til NU, samt årsmelding og rekneskap for fylkeslaget, innan fastsette fristar.*
- *Melde inn kontingentsats til NU, innan fastsette fristar.*
- *Andre oppgåver som til ei kvar tid følgjer av lova til NU.*
- *Trass i dette vedtaket, er det ikkje alle fylkeslag som møter på landsmøtet og landsrådsmøtet, slik dei er pålagt å gjere. Dei fleste sender årsrapport.*



OLABILLØP I MJELDALEN UL
FOTO: MJELDALEN UL

## Mjeldalen Grand Prix

Den 1. mai arrangerte Mjeldalen Ungdomslag på Osterøy i Hordaland olabil-løp med mange kjekke aktivitetar. Mjeldalen Grand Prix heiter løpet som blir arrangert fast kvart år. Ruta til deltakarane er «Stokkestreeten» i Mjeldalen. Folk i bygda står langs vegen og heiar fram dei modige olabil-sjåførane. Det var jamn konkurranse med berre nokre tidels sekund mellom bilane. Nokre av bilane måtte haste-reparerast mellom prøveomgangen og finalerundane. Barnelaget og barneteatret i ungdomslaget underheldt i pausane mellom løpa. I tillegg til sjølve løpet var det aktivitetar som sminkebu, loddsal, andeveddeløp, kast på boks med meir.

Har du lyst til å arrangere olabil-løp der du bur?

Regelverk og korleis du bygger olabil kan du lese om på nettsida *olabil.no*.



KAKESAL PÅ UNGDOMSHUS I HARDANGER
FOTO: ANNE-MARTE FØR



# UNGDOMSHUS OG LAGSBRUK

Mange av lokal- og fylkeslaga i NU eig eller har part i lagshus, og nokre av laga driv også forretningsverksemd. Husa og delar av inventaret er av stor kulturell verdi, både for lokalsamfunna, organisasjonen og Noreg. Dokumentasjon av bygga og auka driftskompetanse blant eigarane er såleis sentrale oppgåver for organisasjonen.

## NU Kulturformidling

NU Kulturformidling er eit prosjekt med formål om å stimulere til auka bruk av ungdomshusa gjennom arrangørverksemd. Gjennom prosjektet har lokallaga moglegheit til å få tilført arrangørkompetanse og draghjelp. Prosjektet starta opp i 2018 med utvikling av ein nettportal som syner dei ulike ungdomshusa. Nettportalen skal synleggjera arrangørane for utøvarar og sette dei i kontakt med kvarandre. I 2019 måtte prosjektet og framdriftsplan reviderast etter ein periode med lite progresjon. Ut prosjektperioden vil derfor fokuset bli retta i større grad mot enkeltlag framføre den tidlegare målsettinga om å etablere turnéruter.

Prosjektet er planlagt fullført innan 1. april 2021. Anne-Marte Før er prosjektleiar.

## Dokumentasjon av lagsbruka

Etter at Norske kulturbygg vart lagt ned i 2012, fekk NU overført ansvaret for å administrere eit dokumentasjonsprosjekt om lagsbruksdrifta i NU og Noregs Mållag. Eit forprosjekt, finansiert av Norsk kulturråd, vart avslutta i januar 2014. For nokre år sidan arva Noregs Ungdomslag ein del midlar frå Kåre Kolås, der føremålet med arven var å støtte produksjonen av ei bok om lagsbruka. Hovudprosjektet blei starta opp i 2015 med Nils Seland som hovudforfattar. Innsamla stoff og anna frå prosjektet så langt finn du på *www.lagsbruk.no*.

## Huset i bygda

Dei organisasjonseigde kulturbygga – ungdomshusa, grendehusa, samfunnshusa og bygdehusa – er levande kulturarenaer, i stor grad finansiert med dugnad og frivillig innsats. Huset i bygda vart initiert av Sogn og Fjordane Ungdomslag i 2010,

> *Nettportalen skal synleggjera arrangørane for utøvarar og sette dei i kontakt med kvarandre.*

med sikte på å dokumentere dei organisasjonseigde bygga i fylket, samt heve driftskompetansen til eigarane.

I 2019 tok Huset i bygda-rådgjevar i Sogn og Fjordane, Christoffer Knagenhjelm, over prosjektleiar-rolla i Møre og Romsdal. I 2019 vart det gjennomført hussamlingar i Volda og Fræna i mars, samt samlingar i Skodje, Sande, Haram, Volda og Vanylven i september. I tillegg vart det gjort omfattande kartlegging med til saman 516 registrerte hus i databasen. Møre og Romsdal-prosjektet er støtta med midlar frå fylkeskommunen ut 2020.

I Sogn og Fjordane har Huset i bygda blitt eit kjend tilbod, og har eit godt samarbeid med Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane og fylkeskommunen. Mot slutten av 2019 var det enno ikkje avklart korleis den nye fylkeskommunen Vestland ville stille seg til vidare drift.

# HUSET I BYGDA

Prosjektet Huset i bygda har fått solid fotfeste i Sogn og Fjordane sidan oppstarten for ni år sidan. I 2017 tok Christoffer Knagenhjelm over som rådgjevar, og frå 2019 tek han også Huset i bygda i Møre og Romdal under vengene. Les her kronikken hans om viktigheita av prosjektet.

TEKST: CHRISTOFFER KNAGENHJELM, RÅDGJEVAR FOR HUS I SOGN OG FJORDANE OG MØRE OG ROMSDAL

I ein kronikk i Nationen 26. februar 2019 hevda Knut Aastad Bråten at samfunnslivet i Noreg er kjenneteikna av etablerte og fastgrodde nettverk som kan vere vanskelege å trengje igjennom. Det er nok fleire som kan kjenne seg att i påstanden om at «Bygda har eit sett med kodar, strukturar og system. Etablerte nettverk er eksklusive og ekskluderande på same tid.»

### Møteplassen som kodeknekkar

Samstundes har dei fleste stadane i Norge ein møteplass som fungerer som kodeknekkar for å få innpass eller opne desse nettverka. Kodeknekkaren går under mange namn, ein finn ofte fleire av dei på same stad, vi kallar dei gjerne for ungdomshus, grendahus, bygdahus eller bedehus.

*Formålet med Huset i bygda er å bidra til å skape meir aktivitet og bidra til å vidareutvikle alle former for organisasjonseigde kulturbygg.*

Felles for alle desse husa er at dette er møtestader der ulike formar for sosiale aktivitetar kan ta form, der nye band kan knytast gjennom til dømes koraktivitetar, 4H, det lokale korpset, folkemusikken eller ulike former for dans.

### Endringsfasar

Dette er allhusa som ofte har vore gjennom fleire endringsfasar i takt med samfunnsendringane elles. Nokre stader er dei framleis det store huset i bygda. Andre stader har dei fått ein meir anonym rolle, men like fullt står dei der, med potensiale og rom for latter og leik og skaping av nye sosiale band. Samstundes krev vi meir av allhusa våre. Vi har forventingar til fysisk standard, at toaletta er tilpassa ulike brukargrupper, at kjøkenet inneheld meir enn utslitne kokeplater og ein gamal komfyr, at vindauge er tette og at akustikken i storsalen er slik at det faktisk er mogleg å spele til dans eller at bygdakoret kan ha sine øvingar der kvar torsdag. Husa må rett og slett ha fasilitetar og ein standard som møter folk sine forventingar.

### Ei krevjande øving

Å sitte i eit husstyre kor du både skal skape aktivitetar i huset, samstundes som du skal skaffe midlar til vedlikehald og fornying av utstyr kan vere ein krevjande øving. I 2007 fekk Sogn og Fjordane Ungdomslag nettopp tilbakemelding om dette; at folk såg at det vart stort behov for å modernisere ungdomshusa, men at dei òg sakna kompetanse i det å drive ungdomshusa. Samstundes såg vi at det er ikkje berre ungdomshusa som har sine utfordringar. Dette er eit generelt problem for mange som er involvert i lokale forsamlingshus.

Ut frå tanken om at det er som til sjuande og sist betyr noko, er å skape bulyst og gode møteplassar, valde ungdomslaget i Sogn og Fjordane å inkludere alle former for forsamlings- og kulturhus då vi etablerte ordninga Huset i bygda i 2010.

### Eit gratis lågterskeltilbod

Formålet med Huset i bygda er å bidra til å skape meir aktivitet og bidra til å vidareutvikle alle former for organisasjonseigde kulturbygg. Det har heile tida vore viktig at Huset i bygda er eit gratis lågterskeltilbod. Ingen skal vere redd for å ta kontakt! Dette gjer vi gjennom hussamlingar kor vi informerer om korleis ein kan fylle husa med aktivitetar, husøkonomi, kva tilskotsordningar som finst og korleis ein utformar gode søknadar.

I tillegg arrangerer vi kulturbyggkonferansar, bidreg med informasjon til heimeside som retta mot alle som er involvert i drift av lokale forsamlingshus. Ikkje minst er hjelp og rettleiing via telefon og e-post viktig del av arbeidet.

Vi er òg glade for at Sogn og Fjordane fylkeskommune er ein viktig støttespelar i dette arbeidet, noko som gjer at vi per dags dato kan drifte prosjektet på fast basis. Med erfaring frå nabofylket, ser eg no fram til å også drifte Huset i bygda i Møre og Romsdal ut prosjektperioden. Ikkje nøl med å ta kontakt!

*For spørsmål om Huset i bygda og husdrift generelt, ta kontakt med Christoffer Knagenhjelm via christoffer@ungdomslag.no eller på telefon 480 04 817. Sjå også www.husetibygda.no og www.facebook.com/husetibygda.*



FAGERHEIM ER UNGDOMSHUSET TIL SKODJE FRILYNDE UNGDOMSLAG I MØRE OG ROMSDAL
BILDE FRÅ WWW.UNGDOMSHUS.NO



OVERREKKING: Banksjef Torunn Mattson overrekker gåva til Christoffer Knagenhjelm, omgitt av dugnadsgjengen på Jensbua i Fjaler. (Pressefoto)

**650.000 kroner til Huset i Bygda**

**FJALER: Huset i Bygda har fått overrekt ei gåve på 650 000 frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane.**

– Eg er glad for denne tillitserklæringa. Det gode samarbeidet med Sparebankstiftinga betyr mykje for Huset i Bygda, seier Christoffer Knagenhjelm, ansvarleg for Huset i Bygda i Sogn og Fjordane.

**Lagseigde hus**

I Sogn og Fjordane er det over 400 lagsseigde kulturhus.

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane, som gjev gåver frå overskotet til Sparebanken Sogn og Fjordane, såg tidleg at det var stort behov for støtte til bygningsmessige tiltak i dei lokale kulturhusa.

**Kostnadskrevjande**

I 2016 byrja difor eit samarbeid mellom Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane og Huset i Bygda, der stiftinga sette av 500.000 kroner til lagseigde kulturbygg.

Ordninga har vore svært viktig for å auka både merksemd og standard på dei lagseigde kulturhusa i fylket.

Kulturhusa er viktige møteplassar som er mykje brukt av alle generasjonar til sosialt samvære og variert aktivitet. Mange av husa treng difor utbetring og ombygging. Dette er kostnadskrevjande, og ein stor dugnadsinnsats frå eigarar og lokalsamfunn er avgjerande.

I 2018 vart dette illustrert ved at antalet søknadar frå lagseigde kulturhus auka med heile 265 prosent.

**Auka beløpet**

– Ein stor del av auken kan tilskrivast Huset i Bygda sitt arbeid med å rettleia kulturhusa. Dei har òg vore ein viktig partnar i søknadsvurderinga med sin store kunnskap om kulturhusa i fylket, seier kultursjef Pål Fidjestøl i Sparebankstiftinga.

– Sparebankstiftinga er svært nøgd med det gode samarbeidet med Huset i Bygda, og har difor vedteke å gje dei ei gåve på kroner 650.000. Gåva vil som før gå til bygningsmessige tiltak i lagseigde kulturhus, men i staden for å samarbeida om vurderingane kan Huset i Bygda no prioritera midlane sjølve. I tillegg aukar me opp beløpet med 150.000 kroner frå i fjor, seier Fidjestøl.



PROSJEKTLEIAR CHRISTOFFER KNAGENHJELM.

# OPPLÆRINGSARBEIDET



FOLKEPEDIA
FOTO: HALLDIS FOLKEDAL



Ungdomslaga driv eit utstrekt opplæringsarbeid innanfor mange ulike fagfelt. Mykje av arbeidet blir dokumentert gjennom Studieforbundet kultur og tradisjon, men det er også ein del av opplæringsarbeidet som ikkje blir registrert her, m.a. alt som er retta mot barn og unge under 14 år.

## Verktøy for laga sitt opplæringsarbeid

### *Gjesteinstruktørordninga*

Alle medlemslag i Noregs Ungdomslag har høve til å søke om å få tilsendt ein gjesteinstruktør til sitt lag utifrå sine behov. 2019 var året vi innførte søknadsfristar på ordninga i staden for at kursa vart tildelt etter prinsippet fyrst-til-mølla.

På teatersida vart det gjennomført tre gjesteinstruktøroppdrag i 2019. Jan Fredrik Grøndal Henriksen instruerte i barne- og ungdomsteater først i Skare UL i mars og så i Sandeid UL i juni. I november reiste Kristoffer Jørgensen til Bagabu Ungdomslag i Steinkjer for å halde eit kurs i scenekamp og scenefekting.

I 2019 vart det gjennomført to gjesteinstruktøroppdrag innan dans. I februar fekk Lakselv Ungdomslag besøk av Anette Figenschou med runddans og nordlandspols som tema, og i oktober hadde Bodø Folkedanslag besøk av Karl Petter Johansson med polska som tema.

### *Folkepedia*

Folkepedia er eit nasjonalt prosjekt der det blir produsert danseopplæringsfilmar innanfor folkedans. Prosjektet er ein inspirasjon og ressurs for danseopplæring med folkedans, som synleggjer, inspirerer og gjer folkedansen meir tilgjengeleg. Prosjektet har produsert nærare 100 filmar sidan pilotprosjekt og oppstart i 2016 fram til 2019 med hjelp av mange viktige støttespelarar.

I 2019 har det vore ei innspeling med Folkepedia i Oslo. Det vart spelt inn filmar saman med Barnelaget i Oslo, BULder og brak, Unge folkemusikere i Oslo (UFO), felespelarar og songarar frå Oslo kulturskole, Follofeler, Svartskog spelemannslag og Spelsauene. Denne innspelinga var også del av eit forprosjekt til barnestemnet Småleik som vart skipa for fyrste gong i juni 2019.

Etter planen skulle det treårige prosjektet i Møre og Romsdal bli ferdigstilt i 2019 med ei siste innspeling, men det er utsett til 2020.

Filmane finn du på *www.folkepedia.no*.

## Nasjonal instruktøropplæring

I tråd med målsetjingane i langtidsplanen om å auke opplæringsaktiviteten, er det lagt opp til å gjennomføre fire instruktørkurs innan teater og fire innan dans kvart år. Tanken er at instruktørkursmodellen er dynamisk, og at det blir opna opp for andre type kurs enn dei som er lista opp i modellen ved behov og etterspurnad. Instruktørkursa skal kunne arrangerast rundt om i landet etter kva behov som finst ute i laga. Alle kursa er nasjonale og skal vera ope for både medlemer og ikkje-medlemer i NU.

### *Instruktørkurs, folkedans*

Innanfor dans skal NU kunne tilby grunnleggande instruktørkurs innanfor dei sjangrane som lokallaga utøver, t.d. bygdedans, turdans, songdans, linedans, swing, hip-hop.

I 2019 vart det gjennomført fire av fem planlagde kurs. Følgjande instruktørkurs vart gjennomført:

- *8.–10. mars i Stavanger: Tema Suldalsspringar. Instruktør var Vegar Vårdal med musikar Håvard Ims. Lokalt vertskap var BUL Stavanger og Ryfylkemuseet.*
- *27.–28. april i Oslo: Tema barneinstruktørkurs. Instruktør var Trine Merete Sjølyst med musikar Hilde Fjerdingøy. Dette kurset vart skipa parallelt med landsmøtehelga til NU. Medlemer i BUL Oslo fungerte som lokalt vertskap.*
- *26.–27. oktober i Lakselv: Tema grunnleggande instruktørkurs. Instruktør var Anette Figenschou*

*med Mikal Lundemo som musikar. Lokalt vertskap var Lakselv Ungdomslag.*

- *30. november–1. desember i Bergen: Tema grunnleggande instruktørkurs. Instruktør var Trine Merete Sjølyst med Jon Brodal som musikar. Lokalt vertskap var BUL Ervingen.*

Det var også planlagt eit juniorinstruktørkurs i Ålesund i august, men det vart diverre avlyst. Totalt var det 43 personar på instruktørkurs i dans i 2019.

### *Instruktørkurs, teater*

I 2019 vart det gjennomført eit instruktørkurs i teater.

- *12.–13. januar i Lavangen. Instruktør var Morten Rudaa og det var 9 deltakarar. Lokalt vertskap var UL Fram.*

## Teaterstrategiutvalet

Hausten 2018 vedtok styret i NU å sette ned ei nemnd som skulle utarbeide ein strategi for det framtidige, sentrale teaterarbeidet i NU. Nemnda beståande av Maria Austbø (leiar), Bjørn Arve Moen og Jostein Apeland har i 2019 arbeidt med ein Teaterstragi for NU. Med seg har dei hatt kulturrådgjevar Rita S. Vatnehol/Tora S. Vik (vikar for Rita). Grunna arbeidet som vart lagt ned i å utvikle Teaterstrategien vart instruktøropplæringa i teater satt på vent resten av 2019.


BHANGRA-HALLING PÅ BARNESTEMNE SMÅLEIK.

## Andre nasjonale opplæringstiltak

### *Ungt leiarskap 2019*

Styret i NU valde å vidareføre Ungt leiarskap i 2019. Stiftinga Fundatum stod for det faglege innhaldet. Ti deltakarar i alderen 17–26 år deltok på programmet som hadde to samlingar - ei under landsmøtet i april og ei under sommarleiren i juli. Deltakarane kom frå åtte lokallag fordelt på sju fylkeslag.

Deltakarane gav svært gode tilbakemeldingar på programmet også i 2019, og med bakgrunn i dette vart det søkt Sparebankstiftelsen DNB treårige prosjektmidlar for ei utviding av programmet. NU fekk full pott på søknaden i november, og med ekstra midlar frå LNU i desember, vil Ungt leiarskap gå vidare som UngtDemokrati i åra 2020-2022.

### *Bunadsseminar*

Fredagen under NU-helga 2019 vart det Bunadseminar på Det Norske Teatret, med om lag 80 deltakarar. Målet med arrangementet var å auke kunnskapen, få fram ulike syn og mangfaldet som bunaden representerer, både i bakgrunn, produksjon og bruk.

### *Fordjuping i folkeleg pardans*

8.–10. februar og 15.–17. mars vart eit heilt nytt dansekurs skipa. Fordjuping i folkeleg pardans gjekk over to helger, plassert i Oslo, der deltakarane kunne velje å delta på begge eller ei av helgene. Kursdeltakarane fekk fordjupe seg i den folkelege dansestilen, med særleg vekt på pardans, med personlege attendemeldingar, observasjon, diskusjon og utprøving. Kurset vart bygd på tankane og element frå det tidlegare studiet Norsk folkelig dans.

Instruktør var Vegar Vårdal med Patrik Andersson som musikar. Heile 41 deltakarar var med på ein eller begge kurshelgene, i tillegg var det fleire personar på venteliste.

Kurset var mogleg å gjennomføre grunna økonomisk stønad frå Norsk senter for folkemusikk og folkedans.

### *Småleik*

21.-23. juni vart Småleik skipa på Apalløkka skle i Oslo. Barnestemne var eit samarbeid mellom Barnelaget i Oslo, Leikarringen i BUL Oslo, Unge folkemusikere i Oslo i tillegg til at NU gjekk inn som medarrangør. Nær-are 100 deltakarar i alderen 6-18 år deltok på stemnet.

Det vart lagt opp til verkstader i dans og musikk med mange dyktige instruktørar frå heile landet. I tillegg var det stort fokus på det sosiale med dansefest om kvelden og utflukt til Folkemuseet på Bygdøy søndagen.

### *Tilskot til opplæringsaktivitet gjennom Studieforbundet i 2019*

| FYLKE | TILSKOT I 2019 | KURS | DELTAKARAR | KURSTIMAR 2018 | KURSTIMAR 2019 |
|---|---|---|---|---|---|
| Østfold | 31 778 | 14 | 110 | 375 | 329 |
| Akershus | 7154 | 2 | 45 | 87 | 73 |
| Oslo | 108 164 | 49 | 551 | 1 107 | 1 216 |
| Hedmark | 10 976 | 6 | 80 | 155 | 112 |
| Oppland | 36 466 | 7 | 58 | 112 | 383 |
| Buskerud | 39 740 | 19 | 170 | 843 | 477 |
| Vestfold | 73 912 | 35 | 446 | 653 | 770 |
| Telemark | 45 374 | 16 | 229 | 503 | 463 |
| Aust-Agder | 59 580 | 29 | 338 | 833 | 716 |
| Vest-Agder | 71 828 | 27 | 219 | 597 | 744 |
| Rogaland | 83 428 | 28 | 272 | 1 259 | 860 |
| Hordaland | 91 880 | 32 | 268 | 1 651 | 944 |
| Sogn og Fjordane | 78 234 | 26 | 231 | 829 | 891 |
| Møre og Romsdal | 269 144 | 73 | 615 | 2 555 | 2 862 |
| Nordland | 61 952 | 25 | 268 | 795 | 727 |
| Troms | 58 690 | 28 | 201 | 926 | 663 |
| Finnmark | 27 930 | 10 | 70 | 245 | 285 |
| Trøndelag | 312 076 | 65 | 402 | 3 669 | 3367 |
| **SUM** | **1 468 306** | **491** | **4 573** | **17 194** | **15 882** |

## Opplæringstiltak i samarbeid med andre organisasjonar

### *Bunadopplæringa*

Bunadopplæringa er eit samarbeid mellom Studieforbundet kultur og tradisjon, Norges Husflidslag, Norsk Folkedraktforum og NU. Kursrekkja består av seks modular, som til saman skal gje deltakarane ei brei innføring i praktisk bunadssaum. Bunadopplæringa er bygd opp kring kompetansemåla i læreplanen for bunadtilverkarfaget VG3, og kan inngå som ein del av vegen til sveinebrev.

I 2019 har det gått fire parallelle kursrekkjer, og vore gjennomført sju modular og to tilleggsmodular i mønsteravtak og gradering. Rita Sirirud Vatnehol/Tora Skavhaug Vik har vore NU sine representantar i styringsgruppa.

## Bunadsbruk i Norge på UNESCO-lista

### *Formidlingsopplegg til born og unge*

I samarbeidsprosjektet med Studieforbundet kultur og tradisjon, Norsk institutt for bunad og folkedrakt, Norges Husflidslag, Norsk folkedraktforum og NU om å nominere Bunadsbruk i Norge til UNESCOs representativeliste over immateriell kulturarv, har vi med midlar frå Sparebankstifltelsen DNB produsert tre formidlingsopplegg til born og unge 2019.

Nominasjonsprosjektgruppa sto på stand i november på Utdanningstorget, ei yrkesfagleg retta utdanningsmesse i Lillestrøm. Målet var å synleggjere bunadtilverkerfaget og arbeidsmoglegheitene som bunadtilverker.

## Tilskot til opplæring

Studieforbundet kultur og tradisjon er ungdomslaga sitt studieforbund. I tillegg til å legge til rette for og formidle støtte til opplæring i organisasjonen, er studieforbundet ein pådrivar for utviklingsarbeid innanfor fleire fagfelt, driv høgare utdanning og interessepolitisk arbeid innanfor feltet opplæring i frivillige organisasjonar.

Det blei gjennomført 491 kurs med 15 882 studietimar i Noregs Ungdomslag i 2019. Dette er 40 færre kurs enn i 2018, og 1 312 færre kurstimar enn året før. Kursaktiviteten medførte at laga fekk tildelt totalt kr 1 468 306. Det samla tilskotet vart kr 35 565 mindre enn i 2018.

# MØTESTADER



SOMMARLEIREN 2019
FOTO: INGER JOHANNE RUSET

## Sommarleiren

Sommarleiren 2019 vart halde på Skogn Folkehøgskule i Trøndelag 2.–7. juli. For fyrste gong skipa vi sommarleir saman med Norsk Målungdom. Dette gjorde at vi hadde eit større tilbod til deltakarane innafor det faglege, men òg med omsyn til det sosiale.

Leiren hadde ei auke i tal deltakarar med totalt 77 deltakarar i 2019 (50 i 2018). 24 deltakarar frå NMU, 7 deltakarar på Ungt Leiarskap og 46 deltakarar frå NU. Årets deltakarar frå NU kom frå 16 ulike lag og 10 fylke.

Leirutvalet besto av: Kevin André K. Theigmann (leiar), Marit Kvamen (leirsjef), Mona Husby, Ida Haugen Skulstad og Lars Magnus Longva. Skogn Ungdomslag og BUL Steinkjer bidrog med dugnadshjelp under sjølve leiren.

Det var langkurs i dans, teater, spel, friluftsliv og språk. Parallelt gjekk andre del av Ungt leiarskap. Det var også mange ulike kortkurs å velje mellom på ettermiddagen. Instruktørar på NU-kurs var: Mona Husby, Torill Jørgensen, Torbjørn Bergwitz Lauen, Kevin André K. Theigmann, Kari Wist Holmen, Jørgen Hopstad By, John Ole Morken, Geir Egil Larsen og Einar Olav Larsen. Ungt leiarskap vart arrangert med instruktørar frå Fundatum. Utflukta gjekk til Stiklestad Nasjonale Kultursenter i Verdal med omsyningar og aktivitetar.

## Nordlek

Noregs Ungdomslag er med i det nordiske samarbeidet Nordlek, som ein av 23 nordiske organisasjonar og einaste norske organisasjon. I 2019 vart det gjennomført to arrangement i regi av Nordlek.

## Nordring

Nordring vart skipa i Noreg 18.–22. april 2019 og det var NU som var ansvarleg arrangør. Nordring er eit arrangement i regi av Nordlek som skjer kvart tredje år der dansarar og musikarar mellom 18–25 år møtest for å utveksle dansar, songar, musikk og andre kulturtradisjonar frå sine land, der maks seks deltakarar frå kvart land får delta. Det er deltakarane sjølv som lærer kvarandre dansar og musikk frå sine eigne land. Nordring fann stad på Strandheim leirstad på Nærsnes i Buskerud med 24 deltakarar. Dei norske deltakarane kom frå BUL Oslo og BUL Molde. Frå det norske Nordlek-utvalet var Torbjørn Bergwitz Lauen tilstades, i tillegg til folkedansrådgjevar Solveig Brekke Hauknes. Desse to fungerte som arrangørar og vertskap for ungdomsutvekslinga.

## ÅLEK

For fyrste gong vart det skipa til ÅLEK i Mariehamn på Åland. Det mindre stemnet i regi av Nordlek vart avvikla 17.-21. juli 2019. Sidan dette var eit mindre stemne var det eit maksimumstal på deltakarar frå kvart land. Frå Noreg reiste 55 deltakarar frå Folkedanslaget Sølja, Leikarringen Symra og BUL Molde. Det var med både dansarar og musikarar. Dei norske deltakarane deltok med framsyning, instruksjon, musikk og kulturelle innslag. Det var ingen frå det norske Nordlek-utvalet eller frå NU-kontoret som deltok på ÅLEK.

> *Leiren hadde ei auke i tal deltakarar med totalt 77 deltakarar i 2019.*

## Kven Veit? og Junior Kven Veit?

Kven Veit? er ei landsomfattande kunnskapstevling for alle over 14 år. Det vert også skipa til Junior Kven Veit? der målgruppa er personar under 14 år. I 2019 vart administrasjon av tevlinga sett ut til kontoret til Huset i Bygda Sogn og Fjordane.

I 2019 var temaet for tevlinga Norden. Det deltok 73 tevlande lag frå 34 medlemslag i seniorklassa. I juniorklassa deltok 5 tevlande lag frå 4 medlemslag og 2 skuler. Vinnar i seniorklassa var Teaterlaget i BUL Oslo og vinnar av juniorklassa var Bygstad skule.

I Kven veit? 2019 var det totalt 458 tevlande deltakarar på 78 lag frå 34 ulike medlemslag og 2 skuleklasser. Til samanlikning var det i 2018 460 deltakarar på 82 lag frå 36 ulike medlemslag. Og i 2017 var det 475 tevlande deltakarar på 92 lag frå 36 ulike medlemslag.

# INFORMASJONSARBEID OG INTERESSEPOLITIKK

**Informasjonsarbeid**
Noregs Ungdomslag sine viktigaste informasjonskanalar er medlemsbladet Ungdom, innstikka i Norsk Barneblad, Facebook og månadlege nyheitsbrev til tillitsvalte i lokallaga og fylkeslaga. I tillegg er nettsidene ungdomslag.no, ungdomshus.no, sommarleiren.no, folkepedia.no og husetibygda.no i aktiv drift.

Medlemsbladet Ungdom kjem ut fire gonger i året, og hadde i 2019 eit snittopplag på 4 275 eksemplar per utgåve. Elektroniske utgåver har vorte lagt ut på issuu.com/noregsungdomslag.

Samarbeidet med Norsk Barneblad har halde fram, der alle barnemedlemer i NU får tilsendt Norsk Barneblad fire gongar i året om dei ønskjer det. Fire av sidene er eit innstikk produsert av NU-kontoret. Snittopplaget i 2019 var på 1 567 per utgåve.

Noregs Ungdomslag er på følgjande flater i sosiale medium:

- *Facebook blir brukt til å formidle saker frå nettsidene, i tillegg til at det blir lagt ut bilete frå arrangement og anna relevant informasjon til tilhengarane. Ved utgangen av 2019 hadde Noregs Ungdomslag 2 823 følgjarar på Facebook, ei auke på 8 prosent frå same tid året før. I tillegg har Sommarleiren, Folkepedia og Huset i bygda og eigne Facebook-sider.*
- *Instagram blir brukt til å dele bilde, gjerne frå aktivitetar eller artig arkivmateriale. På slutten av året hadde Noregs Ungdomslag 1 065 følgjarar mot 906 i 2018, 814 i 2017 og 644 i 2016.*
- *Noregs Ungdomslag har ein Snapchat-konto med brukarnamnet «ungdomslag» som blir brukt spesielt for å kommunisere med sommarleir-deltakarar.*
- *Bildealbum frå større arrangement blir lagt på Flickr.com.*
- *Videoar som vert produserte av Noregs Ungdomslag vert lagt ut på eigen kanal på www.vimeo.com.*
- *NU brukar emneknaggen #levandelokalkultur*

**Interessepolitikk**
Noregs Ungdomslag er medlem i fleire paraplyorganisasjonar som arbeider interessepolitisk for ulike saker, og som fremjar saker som er av interesse for ungdomslaga. I 2019 vart det brukt særleg ressursar på det interessepolitiske arbeidet gjennom Teateralliansen, Kulturalliansen, Studieforbundet kultur og tradisjon og Frivillighet Norge. Vi brukte også ein del tid på prosjektet Bunadbruk i Noreg inn på UNESCO si Representative liste over immateriell kulturarv. Eit arbeid som vi gjer i saman med Norges Husflidslag, Norsk institutt for bunad og folkedrakt, Studieforbundet kultur og tradisjon og Norsk folkedraktforum.

I 2019 blei det tilsett ein dagleg leiar i Teateralliansen, og NU tredde derfor ut av rolla som administrator for samarbeidsorganet. Teateralliansen vart oppretta med mål om å samle amatørteaterfeltet i Noreg under ein paraply, men lukkast ikkje i arbeidet. I tillegg overtok Kulturrådet i 2019 oppgåva med å tildele driftstilskot til amatørteaterfeltet. I oktober 2019 valde derfor medlemmane å endre namn på organisasjonen til Dramas og endre vedtektene til å berre gjelde drift av manustenesta ved same namn. Medlemsorganisasjonane NU, Frilynt Norge og Norsk Amatørteaterforbund (NATF) samarbeider framleis godt.

NU har sidan stiftinga i 2016 stått for rekneskapsføringa til Kulturalliansen. I tillegg er generalsekretær Kai Roger Vatne styremedlem i organisasjonen. Kulturalliansen, som er ei samanslutning av frivillige kulturorganisasjonar, jobbar for gode rammevilkår på kulturfeltet. NU ser på Kulturalliansen som ein viktig aktør i arbeidet for spesielt dei organisasjonseigde kulturbygga våre.

Ein anna viktig aktør for NU er Frivillighet Norge som jobbar spesielt for full, rettsfesta momskompensasjon for frivillige organisasjonar. I 2019 har dette arbeidet ført til ei positiv utvikling, som gjorde at organisasjonane fekk ei mindre avkorting av søknadssummane sine. I 2019 var vi ikkje representerte i styret, men deltok på årsmøtet og jamlege nettverkssamlingar. Generalsekretær Vatne deltok også i paneldebatten deira «European democracy at risk?» under Arendalsuka.

Likeins med i 2018, brukte vi i 2019 ein del tid på prosjektet for å få den allmenne bunadbruken inn på UNESCO si Representative liste over immateriell kulturarv. Eit arbeid vi gjer saman med Norges Husflidslag, Norsk institutt for bunad og folkedrakt, Norsk folkedraktforum og Studieforbundet kultur og tradisjon.

Sistnemnde gjer ein viktig innsats for å fordele kursstøtte til laga våre, så det er ei prioritert oppgåve for NU å støtte oppom arbeidet. Tidlegare generalsekretær Eli Ulvestad er leiar, medan noverande generalsekretær Kai Roger Vatne er møtande vara.

NU leverte i 2019 høyringsinnspel til:

- *Landsrådet for Norges barne- og ungdomsorganisasjoner (LNU) sine vedtekter*
- *LNU sitt ungdomspolitiske program*
- *Meld St. 8 (2018-2019) Kulturens kraft – Kulturpolitikk for framtida*
- *Meld St. 10 (2018–2019) Frivilligheita – sterk, sjølvstendig, mangfaldig*
- *Driftstøtteordninga til amatørteaterfeltet i Kulturrådet*
- *Statsbudsjettet 2020*
- *Den komande stortingsmeldinga om barne- og ungdomskultur*
- *Ny lov om vaksenopplæring*
- *Den komande stortingsmeldinga om kulturminnemeldinga (sendt inn av Sogn og Fjordane Ungdomslag)*



*Følg @ungdomslag på Snapchat.*

Styret vedtok i tillegg ei fråsegn, i samband med regionaliseringsprosessen, om at Det Norske Teatret framleis bør få støtta si frå Kulturdepartementet for å sikre teatret si nasjonale språkpolitiske oppgåve.




BILDE FRÅ LANDSMØTE 2019
FOTO: INGER JOHANNE RUSET



# STYRINGS-STRUKTUREN

## Landsmøtet

